



Idrettslaget har med vel 17.500 kr motteke mest grasrotmidlar av Uskedalslaga. Her representert ved unge fotballspelarar under Heio-cup.

Mange har støtte lag i bygda gjennom grasrotordninga etter at den vart lansert. Til no i år har lagslivet i bygda motteke nesten 40.000 kroner som eit resultat av at mange har meldt seg på ordninga. Dette er bra! Og det fine med ordninga er at det kostar ikkje gjevarane fem flate øre medan det betyr svært mykje for mottakarane.

Trass i god oppslutnad melder Norsk Tipping om at det framleis er mange spelarar som ikkje har meldt seg på ordninga. Derfor vart det i helga delt ut ei oppfordring i postkassane for å få dei som ikkje har meldt seg som grasrotgjevarar, til å gjera det. Det vil gje meir pengar til lagslivet i bygda som driv aktivitetar for barn og unge og andre gode føremål. Det kostar altså ikkje gjevarane noko. Dersom ein ikkje melder seg som grasrotgjevarar, vil desse pengane gå til Norsk Tipping på Hamar. Derfor skulle det vera opplagt at det er betre at ein melder seg på ordninga og sikrar eit rikare bygdaliv.

Grasrotordninga vart starta opp 1.mars, og gjennom den kan 5% av speleinnsatsen i Lotto, fotballtipping og Joker gå til lags- og organisasjonslivet. Det einaste ein treng å gjera, er å melda frå til kommisjonæren kven ein vil støtta. Det er viktig at ein gjer det før året er slutt, for då vil laga få utbetalt for innsatsen gjennom heile året. Ordninga har vore ein suksess, og den har altså gjeve laga mange kjærkomne kroner. Desse pengane er ekstra kjærkomne i og med at dei kommunale tilskota til det frivillige lagslivet har blitt svært kraftig redusert dei seinare åra.

Største grasrotmottakaren i kommunen er naturleg nok idrettslaget TRIO. Det har til no i år motteke heile 127.000 kr.

Tekst: Thor Inge Døssland.



Skulemusikken, her fotografert 17.mai, har motteke nestmest grasrotmidlar av Uskedalslaga, - 14.000 kr.